



Eva Haugland med ei seremonimaske frå Kenya

Det var stor spennvidde over programmet i det siste møtet til helselaget ikveld; Eva Haugland fortalde levande frå eit 3 veker langt opphald i Afrika og den tradisjonelle pakkinga av julegåver

til Valen sjukehus vart gjennomført.

Eva, som er lærar ved Undarheim skule, var ein av 20 lærarar som sist sommar var med på ein utruleg innhaldsrik tur gjennom Kenya, Uganda og Tanzania og som no formidlar kunnskap til elevar og andre. Også Truls Zimmer frå den samme skulen deltok.



Julepakkar til Valen er eit tiltak som har mange år bak seg

10 frå Vestlandet og 10 frå Vestlandet var med i denne turen der halvparten var finansiert av FN og den andre halvparten av kommunen. Den fyrste delen som gjekk gjennom Kenya hadde karakter av eit ferieopphald medan ferda gjennom Uganda og Tanzania var ein studietur med hovudvekt på skuleverket. Eit hovudintrykk som Eva sit att med er at Uganda og Tanzania etterkvart har skifta roller med omsyn til utvikling. Uganda framstår no som ein vellukka stat medan Tanzania har problem etter å ha vore eit mønster under president Julius Nyerere.

Det er ikkje minst viktig at satsinga i Afrika bør skje på afrikanarane sine eigne premissar, ellers kan resultatet rett og slett verta latskap. Men Eva kunne også melde om positive opplevingar prega av vilje til å gjera det best mogeleg for dei som kom på vitjing frå Noreg. Ei negativ oppleving var derimot møtet med barnesoldatar.

Pakinga av julegåver til Valen var siste post på programmet. Det er ein positiv tradisjon som helselagsleiinga antar har vore levande i 40-50 år. Gåvene er sjokolade og medlemmene gjorde klår 60 pakkar ikveld.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen